

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

RS 9/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 – per mars: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser at ein sak om Nye Voss gymnas – forprosjekt skal opp for opplæring- og helse, fylkesutvalet og fylkestinget frå 12.05.2015 og utover. Rådet meiner at dette er ein sak som skal leggjast fram for rådet før innspel før den går vidare til politisk handsaming. Rådet vil sende ein førespurnad til eigedomsavdelinga om å få ein orientering den 22. april, det vil seie i god tid før saka vert sendt til handsaming i opplæring- og helse.

Rådet merkar seg at kulturavdelinga har fleire ulike tilskot, for bygg, anlegg og aktivitetar. Det vart stilt spørsmål ved om det er nokre kriterier for deltaking for alle og universell utforming for å få slike tilskot, samt kva oppfølging som vert gjort for å sjå til at det verkeleg er til dømes deltaking for alle. Rådet vil be kulturavdelinga om å få ein orientering om tilskotsordningane og kriteria for desse, med fokus på deltaking for alle og universell utforming. Rådet ber om å få denne orienteringa 22. april, om det er mogleg, eller på rådsmøtet 6. mai.

RS 10/15 Nordhordlandspakken – førespurnad fra rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Førespurnaden er sendt, men det er ikkje motteke noko svar. Rådet ser at det kan ha ein samanheng med framdrifta i saka rundt Nordhordlandspakka, men understrekar at førespurnaden og hadde spørsmål på eit generelt grunnlag; kva vert gjort i andre bompakkar? Rådet vil purre på svar frå samferdselsavdelinga.

RS 11/15 Informasjonsskriv – Kommunenes og fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne merkar seg at Bufdir etterlyser yngre medlemmar i rådet, og ønskjer å oppmøde brukarorganisasjonane om å fremje yngre kandidatar til verv. Rådet vil sende ut informasjonsskrivet som eit vedlegg til eit brev der brukarorganisasjonane vert oppmoda til å allereie nå finne aktuelle kandidatar til å sitte i rådet i neste periode.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek resten av referatsakane til vitande.